



Årsrapport over militære disiplinær- og straffesaker i 2022

Innhald

1	Innleiing ved generaladvokaten	2
2	Talet på refsingar og straffesaker	4
2.1	Disiplinærsaker	4
2.1.1	Kontroll av refsingar	4
2.1.2	Refsingshyppigheita	5
2.2	Straffesaker	8
3	Refsingar – sakstypar	9
3.1	Kategoriseringa	9
3.2	Fråvær	9
3.3	Alkohol	10
3.4	Våpen og ammunisjon	11
3.5	Den militære underordninga	11
3.6	Militære tenesteplikter	12
3.7	Straffelova og militær skikk og orden	13
4	Refsingar – reaksjonar	15
5	Klagar på refsingar	16

1 Innleiing ved generaladvokaten

Generaladvokatembetet består av generaladvokaten og krigsadvokatane. Embetet utfører oppgåver tillagt påtalemakta som gjeld brot på militær straffelov, gir råd til militære sjefar i disiplinærsaker og deltek i fagleg arbeid, nasjonalt og internasjonalt, om aktuelle militærjuridiske problemstillingar.

I Forsvaret kan ein få ein disiplinær reaksjon (refs) for brot på militære tenesteplikter, brot på militær skikk og orden og mindre alvorlege straffbare forhold. Ei refsing er ikkje straff etter norsk rett, men kan likevel vera eit inngripande tiltak for den det gjeld. Formålet er å gi militære sjefar eit verkemiddel som kan bidra til å halda oppe militær moral, disiplin og orden, og på den måten fremje effektiviteten i Forsvaret. Rettstryggleiken i disiplinærsakar skal takast vare på gjennom ei hurtig, grundig og objektiv saksbehandling.

I 2022 vart det gitt 220 refsingar, det lågaste registrerte talet nokosinne. Til samanlikning vart det på slutten av 1980-talet gitt over 10 000 disiplinære refsingar kvart år. Gjennomsnittet siste fem år er 357 refsingar årleg, altså ein nedgang på 35 %. Fordelt på talet på soldatårsverk gir dette ein prosentvis del refsa på 2,58 %, ei halvering samanlikna med dei fire tidlegare åra.

Denne utviklinga reiser etter mitt syn to viktige spørsmål:

- Kva er årsaka til nedgangen?
- Er dette ei ønskjeleg utvikling?

Svaret på det første spørsmålet er sannsynlegvis samansett. Høg motivasjon hos dagens soldatar har bidrege til at talet på refsingar i Forsvaret er lågare enn i tidlegare tider. Eg stiller meg likevel tvilande til om dette kan forklara den *vedvarande* reduksjonen i talet disiplinærsaker me no ser konturane av. Ei meir plausibel forklaring er ei søkkande erfaring med og kunnskap om disiplinærinstituttet blant yngre befal. Det er nærliggjande å tenkja seg at dette kan påverka innstilling og vilje til å nytta seg av refs som verkemiddel. Også den seinare tids offentlege merksemd rundt enkeltsaker kan ha bidrege til at enkelte militære sjefar kvir seg for å refsa. Ei tredje forklaring som har vore lansert, går ut på at synet på refs som leiingsverktøy i Forsvaret er i endring, og at andre verkemiddel blir vurderte som vel så relevante. Endeleg blir det nemnt faktum at disiplinærinstituttet historisk har vore lite brukt, og kanskje òg vurdert som litt mindre eigna, til å handtera seksualrelaterte lovbrott.

Korleis ein vurderer utviklinga, og om nedgangen fører til tiltak, ligg i første rekkje til Forsvaret sjølv å vurdere. Som generaladvokat nøyer eg meg her med å visa til Bjørkholutvalget (1. mars 2021), som mellom anna framheva den indre samanhengen mellom kommandomyndigheiten og disiplinærmyndigheiten i Forsvaret.

Det har vore stor merksemd rundt seksuallovbrott i Forsvaret i 2022. Trygge rammer for Forsvarets personell, og ikkje minst unge soldatar inne til førstegongsteneste, er heilt grunnleggjande. Generaladvokatembetet gav i

2021 ut ein rettleiar om handtering av seksualrelaterte militære disiplinærsaker. Mangfaldet og spennet i alvorsgrad er stort innan denne saksategorien. Handlingar som ikkje er ønskjelege kan i prinsippet gå i tre ulike spor, eventuelt i ein kombinasjon. Den kan handterast som straffesak. Den kan avgjerast disiplinært av militær sjef med disiplinærmyndighet. Eller han kan følgjast opp i arbeidsgivarsporet som personalsak eller varslings sak. Dei mindre alvorlege seksualrelaterte sakene kan avgjerast med refs. I 2022 utgjorde dette 5 saker.

Eg er godt fornøgd med at militære sjefar i større grad enn tidlegare bruker Generaladvokatembetet som rådgivande instans i disiplinærsaker. I september 2022 vedtok sjef Forsvarsstaben at alle saker om mobbing og seksuell trakassering skal føreleggjast generaladvokaten eller krigsadvokatane, og det har vore ein markant auke i talet på førehandsfråsegner i 2022 samanlikna med tidlegare år. Sporval gjort av kompetent styresmakt på eit tidleg stadium er ofte avgjerande for utfallet i saka.

Avslutningsvis minner eg om at alle soldatar eller tilsette i Forsvaret som meiner seg utsett for eit straffbart forhold, står fritt til å melda saka til politiet. Dette gjeld sjølv om regelbrotet ikkje er for alvorleg til å refsast etter disiplinærloven.

Oslo, tysdag 23. mars 2023



Reidar Bruusgaard
generaladvokat (kst.)

2 Talet på refsingar og straffesaker

2.1 Disiplinærsaker

2.1.1 Kontroll av refsingar

I 2020 la me ned eit betydeleg arbeid for å få oversikt over talet på refsingar dei fem siste åra, og for å redusera talet på refsingar som ikkje blir innrapporterte. Me har òg endra kontrollrutinane våre. Det er framleis underrapportering, men me meiner statistikken gir eit godt bilete av situasjonen. Tabellen nedanfor viser utviklinga siste ni år.


Generaladvokatembetet har registrert 220 gitte refsingar i 2022. Det er 117 refsingar (35 %) mindre enn gjennomsnittet siste fem år, og 260 refsingar (53 %) mindre enn i 2021. Talet refsingar som blir innrapportert til Generaladvokatembetet har sokke jamleg kvart år sidan 2014. Det er eit unntak frå denne trenden i Covid-årene 2020 og 2021. Samanlikna med 2019 er reduksjonen på 17 %. Det er ein reduksjon i alle forsvarsgreiner, med unntak av Heimevernet.

År	Refsingar
2014	554
2015	494
2016	483
2017	337
2018	381
2019	265
2020	453
2021	468
2022	220

Tabellen nedanfor viser førehandsfråsegner Generaladvokatembetet har gitt til Forsvaret dei siste ni åra.

År	Fråsegn
2014	119
2015	83
2016	102
2017	90
2018	130
2019	91
2020	101
2021	114
2022	170

Dersom desse tabellane blir samanlikna ser me at talet på førehandsfråsegner per gitte refsingsordre er sterkt stigande.



2.1.2 Refsingshyppigheita

Generaladvokatens utrekning av refsingshyppigheit tek utgangspunkt i talet på soldatar som har fullført ordinær førstegongsteneste. Dette gir ein noko høgare refsingsprosent enn det reelle talet, då han ikkje tek høgdom for at mannskapstyrken blir redusert gjennom fråfall.

Refsingar	2018	2019	2020	2021	2022
Kontrollert	381	267	453	468	220
Talet på soldatar som har fullført verneplikt	7715	7699	8090	8278	8527
Per 100 soldatårsverk	4,94	3,47	5,60	5,65	2,58

Oversikta ovanfor viser ein forholdsvis stabil utvikling for refsingshyppigheita dei fire tidlegare åra, med eit gjennomsnitt på 4,94 %. I år er dette talet halvert. I tabellen er det ikkje teke høgdom for at enkelte blir refsa fleire gonger. Dessutan inkluderer tabellen refsingar gitt til befall. Dette påverkar ikkje statistikken i betydeleg grad då det er eit fåtal som blir refsa fleire gonger. Andelen befall som blir refsa er stabilt på omtrent 5 %. Talet er så lite og sprikjande at det er vanskeleg å trekkja konklusjonar om trenden. Gjennomsnittet dei siste fem åra er 19 refsa befall per år.

Refsa personell	2018	2019	2020	2021	2022
Vernepliktige i fyrstegongsteneste	354	248	439	438	220
Befal	27	14	14	29	12
Andel befal	7,63 %	5,65 %	3,19 %	6,62 %	4,52 %

Alle forsvarsgreinar har ein markant nedgang, med unntak av Heimevernet. Reduksjonen har vore størst i Hæren.

Forsvarsgrein	2018	2019	2020	2021	2022
Hæren	227	186	326	275	116
Sjøforsvaret	41	20	18	80	42
Luftforsvaret	39	17	42	56	30
Heimevernet	23	6	3	1	7
Fellesavdelingar	51	38	64	56	25

I 2020 og 2021 valde me å sjå på refsingshyppigheita i Forsvarets avdelingar på grunn av den fallande trenden i talet på refsingar i delar av Forsvaret. Tabellen nedanfor viser ei utjamning av den greinvisa refsingshyppigheita. Talet på soldatar som har fullført førstegongsteneste:

Forsvarsgrein	2018	2019	2020	2021	2022
Hæren	4455	4460	4782	4619	4914
Sjøforsvaret	1689	1592	1574	1837	1856
Luftforsvaret	1571	1611	1587	1629	1672
Heimevernet	-	36	147	196	85

Tala for Hæren, Sjøforsvaret, Luftforsvaret og Heimevernet inkluderer soldatar som høyrer til fellesavdelingane i Forsvaret:

Forsvarsgrein	2018	2019	2020	2021	2022
Hæren	5,10 %	4,17 %	6,82 %	5,96 %	2,36 %
Sjøforsvaret	2,43 %	1,26 %	1,14 %	4,35 %	2,26 %
Luftforsvaret	2,48 %	1,06 %	1,65 %	3,44 %	1,79 %
Heimevernet	-	16,67 %	2,04 %	0,51 %	8,24 %

Refsingshyppigheita i år ligg på omtrent 2 %. Den forskjellen som det tidlegare var mellom forsvarsgreinene, er i år borte. I Heimevernet er refsingshyppigheita sprikjande. Talet på soldatar som fullfører verneplikta i Heimevernet er låg samanlikna med dei andre forsvarsgreinene.

2.2 Straffesaker

Dommar	2018	2019	2020	2021	2022
Dommar	5	6	6	1	3

Talet på dommar i tabellen er straffesaker som har enda med dom som generaladvokaten eller krigsadvokatane har aktoert eller fremja for domstolen som tilståingsaker. Sakene omhandlar brot på militær straffelov og saker der minst ein av tiltalepostane gjeld militær straffelov. Saker der krigsadvokatane elles har støtta politiet i sakene deira, kjem ikkje fram av denne saksoversikta, men i verksemdsrapporten.

I 2022 var det kunngjort dom i tre militære straffesaker. Dette var to militærnektarsaker og éi sak om brot på tenesteplikt. Saka som handla om brot på ei tenesteplikt gjaldt eit befal som hadde filma sin undergitte i dusjen ved 38 høve, under teneste i Latvia og Litauen. Retten konkluderte med at Noreg hadde jurisdiksjon og at det var "klart" at å filma kollegaen sin i dusjen var brot på ei tenesteplikt i forstanden i militær straffelov. Dom i saka vart 90 dagars fengsel på vilkår.

I den første av dei to fráværssakene hadde tiltalte eit frávær på fire dagar årleg trening i Heimevernet. Tiltale vart teken ut etter militær straffelov § 35 om militærnekting. Bevistemaet var om tiltalte hadde intensjon om å varig unndra seg tenesta. Retten subsumerte ned til den mildare føresegna i militær straffelov § 34 fordi den ikkje fann det bevist at domfelte hadde til hensikt å "aldeles unndra" seg den militære tenesteplikta si. Dom i saka vart 14 dagars fengsel på vilkår og kr 10 000 i bot. I den andre saka vart tiltale teken ut etter militær straffelov § 35 om militærnekting. Dom vart kunngjord i samsvar med tiltalen; 60 dagars fengsel på vilkår.

3 Refsingar – sakstypar

3.1 Kategoriseringa

Refsingar som har vært gitte og vedtekne av den refsa, skal sendast til Generaladvokatembetet for kontroll. Kontrollen skal sørgja for at kvar enkelt refsing oppfyller krava i disiplinærloven og disiplinærreglementet (forskrifta til lova). Det blir gjennomført ein førebels kontroll av krigsadvokaten. Dersom denne ikkje avdekkjer forhold som medfører at refsinga ikkje er gyldig, blir saka oversend direkte til generaladvokaten for endeleg kontroll. Dersom kontrollen viser at refsinga er ugyldig, blir saka returnert til refsande sjef for vidare behandling. I samband med kontrollen blir det ført statistikk fordelt på seks kategoriar, som er ytterlegare oppløyste i til saman 32 statistikkgrupper. Dei seks kategoriane omfattar brot på eller brot av reglar relatert til:

1. Fråvær
2. Alkohol
3. Våpen og ammunisjon
4. Den militære underordninga
5. Militære tenesteplikter
6. Straffelova og militær skikk og orden

Seksualrelaterte handlingar har historisk ikkje vært en egen kategori, og Generaladvokatembetet har valgt å ikkje endre statistikkgruppene i 2022. Dette til tross for at denne kategorien har fått stor offentleg oppmerksomhet. Disse sakene er statistikkført i kategori 6.

Tabellane nedanfor angir talet refsingar gitt på den enkelte statistikkgruppe dei siste fem år, og kor stor del av det samla talet refsingar statistikkgruppa utgjorde det aktuelle året. Ikkje sjeldan har refsande sjef gitt refsing for fleire forhold i ein og same refsing, sjå disiplinærloven § 8 og disiplinærreglementet punkt 33–39. Generaladvokaten vil i slike tilfelle berre føra det mest alvorlege forholdet i statistikken.

3.2 Fråvær

Type brot	2018	2019	2020	2021	2022
Ulovleg fråvær 0–2 dagar	19 5 %	4 1 %	27 6 %	12 3 %	7 3 %
Ulovleg fråvær 2–7 dagar	13 3 %	6 2 %	2 0 %	1 0 %	2 1 %
Ulovleg fråvær over 7 dagar	0 0 %	0 0 %	0 0 %	1 0 %	0 0 %
Forsovingar og forseinkingar	6 2 %	0 0 %	0 0 %	3 1 %	2 1 %
Totalt	38 10 %	10 4 %	29 6 %	17 4 %	11 5 %

Denne statistikkgruppa omfattar dei mindre alvorlege fråværssakene. Dei mest alvorlege fråværssakene blir straffefølgde som brot på militær

straffelov §§ 34 og 35. Talet på fráværssaker held fram med å søkka, og delen fráværssaker har vore stabilt lågt dei siste fire åra.

3.3 Alkohol

Type brot	2018	2019	2020	2021	2022
Møte rusa til tenesta	16 4 %	8 3 %	9 2 %	15 3 %	9 4 %
Nyte rus i tenesta	2 1 %	5 2 %	7 7 %	3 7 %	38 17 %
Synleg rus	10 3 %	4 1 %	4 1 %	3 1 %	8 4 %
Nyte rus på militært område på fritida	31 8 %	26 10 %	77 17 %	66 14 %	0 0 %
Oppbevaring av alkohol	3 1 %	8 3 %	11 2 %	11 2 %	8 4 %
Totalt	62 16 %	51 19 %	108 24 %	98 21 %	63 29 %

I denne statistikkgruppa blir ført brot på pliktavhaldreglane i Forsvaret. Dette er føresegner som omhandlar påverknad, bruk eller oppbevaring av alkohol. Talet disiplinærsaker der alkohol er ei medverkande årsak til at mistenkte gjer seg skuldig i andre lovbrott, kan vera høgare.

Pliktavhald i Forsvaret er heimla i forsvarslova § 62, med forskrifter. Den som er synleg rusa i tenesta eller i uniform kan straffast etter militær straffelov § 72. Tidlegare hadde Forsvaret eit sjølvpålagt forbod mot å refsa narkotikaregelbrot. Det vart oppheva 15. oktober 2021. Det vart ikkje gitt refsingar for narkotikaregelbrot i 2022.

I ei sak i 2022 uttalte Generaladvokaten at militær straffelov § 72 berre omfattar alkoholrus, og at pliktavhaldet i forsvarslova § 62 ikkje gjeld på fritida utanfor militært område. Inga av desse føresegnene kunne derfor grunngi ein disiplinær reaksjon. Bruk av narkotika er eit brott på legemiddelova § 31 og straffelova § 231. Det er tilgang til å refsa militært personell dersom eit borgarleg straffbart forhold er gjort overfor militært personell eller ved bruk av militært materiell, jf. disiplinærloven § 1, 3. avsnitt. I denne konkrete saka var det snakk om bruk av eigen narkotika på fritida utanfor militært område, og det var følgeleg ikkje tilgang til å refsa vedkommande sjølv om handlinga var straffbar.

Alkoholrelaterte disiplinærsaker auka òg under pandemien. I 2022 vart talet redusert med 36 % samanlikna med 2021, men andelen heldt fram med å auka. I 2022 utgjorde alkoholrelaterte disiplinærsaker 29 % av disiplinærsakene i Forsvaret, og denne saksategorien er dermed den største. Det er ikkje gitt refs for bruk eller oppbevaring av narkotika. Desse sakene endar ofte med dimisjon.

3.4 Våpen og ammunisjon

Type brot	2018	2019	2020	2021	2022
Vådeskot	56 15 %	46 17 %	35 8 %	24 5 %	17 8 %
Ulovleg oppbevaring	6 2 %	0 0 %	0 0 %	4 1 %	2 1 %
Andre	2 1 %	2 1 %	0 0 %	7 1 %	4 2 %
Totalt	64 17 %	48 18 %	35 8 %	35 7 %	23 10 %

Statistikkgruppa for andre våpenrelaterte misferder omfattar ulovleg bruk av våpen. Dette kan til dømes vera eit aktaust brot på våpenreglane. Dersom handlinga kvalifiserer til eit meir alvorleg forhold vil straffeforfølgning etter straffelova § 188 og militær straffelov § 75 vera aktuelt. § 75 har eit tillegsvilkår om at aktløysa har medført personskade. I 2022 var det 17 vådeskot i Forsvaret. Dette er 7 færre enn i fjor. Talet har sokke jamt siste fem år, og samanlikna med 2018 er talet redusert med 70 %. Talet på vådeskot under pandemien var lågt, og Generaladvokatembetet antok at årsaka var avlyste øvingar. Tala for 2022 er ikkje direkte påverka av Covid-19, så Generaladvokatens hypotese tykkjer ikkje fullt ut å slå til. Det er indikasjonar på at varsemndnivået i Forsvaret har auka.

3.5 Den militære underordninga

Type brot	2018	2019	2020	2021	2022
Ordrenekt	2 1 %	2 1 %	6 1 %	0 0 %	5 2 %
Ordreunnlating	11 3 %	12 4 %	129 28 %	160 34 %	28 13 %
Løgn til føresette	0 0 %	0 0 %	0 0 %	0 0 %	1 0 %
Vold/truslar mot MP eller føresette	2 1 %	1 0 %	0 0 %	0 0 %	1 0 %
Respektstridig framferd	5 1 %	1 0 %	4 1 %	8 2 %	1 0 %
Totalt	20 5 %	16 6 %	139 31 %	168 36 %	36 16 %

Regelbrot mot den militære underordninga gjeld brot på ulike reglar som skal verna respekten for den militære kommandomyndigheit. Denne gruppa refsingar har normalt vore ei marginal gruppe på 5 – 10 %. I 2020 utgjorde denne gruppa 31 % og i 2021 auka ho ytterlegare til 36 %. Auken kan eine og åleine bli forklart med ein auke i brot på ordrar gitt for å redusera smitterisikoen av COVID-19. Ordrane er gitt med heime i forsvarslova § 20 og har heimla rørsleinnskrenkingar, alkoholforbod og andre tiltak som fremjar

smittevern. Både talet og andelen er kraftig redusert i år, sjølv om tala er dobbelt så høge som i perioden før COVID-19. Kvifor tala ikkje er fullstendig tilbake på normalt nivå er uklart.

3.6 Militære tenesteplikter

Type brot	2018	2019	2020	2021	2022
Tenesteforsømming	44 12 %	24 9 %	23 5 %	29 6 %	23 10 %
Tenesteunnlating	7 2 %	8 3 %	3 1 %	1 0 %	0 0 %
Forsømming som fyringsvakt	8 2 %	9 3 %	7 2 %	11 2 %	4 2 %
Vaktforsømming	18 5 %	6 2 %	13 3 %	11 2 %	18 8 %
Totalt	77 20 %	47 18 %	46 10 %	52 11 %	45 20 %

Tenesteforsømming og tenesteunnlating omhandlar brot på militære tenesteplikter som ikkje er spesifiserte i andre statistikkgrupper. Ulovleg passering inn på militært område, til dømes over leirgjerdet, vil noterast som ein tenesteforsømming i statistikken. Dersom me ser bort ifrå COVID-19 åra 2020 og 2021, er delen og talet på slike forsømmingar relativt stabile.

3.7 Straffelova og militær skikk og orden

Type brot	2018	2019	2020	2021	2022
Brot på militær skikk og orden	31 8 %	26 10 %	23 5 %	42 9 %	10 5 %
Seksuell handling med samtykke	35 9 %	26 10 %	44 10 %	9 2 %	17 8 %
Mobbing og trakassering	3 1 %	8 3 %	1 0 %	11 2 %	2 1 %
Seksuell handling utan samtykke	9 2 %	4 1 %	5 1 %	6 1 %	5 2 %
Kroppskrenkelse	11 3 %	3 1 %	5 1 %	6 1 %	3 1 %
Trafikkrelaterte brot	12 3 %	9 3 %	5 1 %	7 1 %	5 2 %
Skadeverk	6 2 %	12 4 %	6 1 %	12 3 %	0 0 %
Tjuveri	1 0 %	6 2 %	4 1 %	4 1 %	0 0 %
Bedrageri	4 1 %	0 0 %	0 0 %	1 0 %	0 0 %
Underslag	3 1 %	0 0 %	2 0 %	0 0 %	0 0 %
Andre forhold	5 1 %	1 0 %	1 0 %	0 0 %	0 0 %
Totalt	120 31 %	95 36 %	96 21 %	98 21 %	42 19 %

Denne gruppa består av fleire ulike regelbrot. Dei historisk sett største er kategoriane «Militær skikk og orden» og «Seksuell handling med samtykke». Dette er handlingar som i utgangspunktet er lovlege, men som kan resultera i ei refsing på grunn av særeigne militære forhold. Resten er berre i sporadisk bruk i disiplinærsaker. Generaladvokaten har hatt eit ønskje om å bruka spesifikke straffeføresegner og tenesteplikter framfor å nytta den meir uspesifikke kategorien «Militær skikk og orden». Dette har resultert i at denne kategorien er redusert dei siste fem åra.

Talet på refsingar som følgje av frivillig seksuell handling utgjer ein stor andel av denne kategorien. I år er man tilbake på nivå med åra før COVID-19, sjølv om talet er klart lågare. Frivillig seksuell handling er, som nemnt, i utgangspunktet ikkje refsbart, men kan vera i strid med militær skikk og orden viss det er til sjenanse for andre. Dessutan kan seksuelle handlingar vera refsbare dersom det er gitt ordre om dette, noko som til dømes er gjort i Sjef Hærens retningslinjer for framferd mellom Hærens personell. Denne kategorien kunne derfor vore kategorisert som brot på militær skikk og orden eller som brot på ordre. Desse sakene er likevel behaldne som eigen underkategori på grunn av den særeigne naturen deira.

Seksuallovbrot i Forsvaret har vore eit prioritert område i Forsvaret, og enkeltsaker har fått stor mediedekning. Talet på refsingar ligg stabilt på om lag fem saker i året. Gjennomgåande har denne underkategorien ein tydeleg søkkande tendens både målt i talet på og andel saker.

4 Refsingar - reaksjonar

Refsingsmiddel	2018	2019	2020	2021	2022
Arrest	0 0 %	0 0 %	0 0 %	0 0 %	0 0 %
Bot med subsidiær arrest	345 91 %	240 90 %	410 91 %	398 85 %	193 88 %
Fridomsinnskrenking	15 4 %	8 3 %	13 3 %	15 3 %	10 5 %
Irettesetjing	21 6 %	19 7 %	30 7 %	55 12 %	17 8 %

Forsvarssjefen har suspendert bruken av arrest som refsingsmiddel i fredstid, med verknad frå 1. januar 2018. I praksis betyr det at bot er einaste refsingsmiddel. Fridomsinnskrenking blir sjeldan brukt, og det er inntrykket til generaladvokaten at dette refsingsmiddelet stort sett blir brukt i fråværsaker og der ei bot ikkje har individualpreventiv verknad. Irettesetjing som reaksjon er no tilbake på same nivå som før COVID-19.

5 Klagar på refsingar

Klagar	2018	2019	2020	2021	2022
til førsteinstans	22 6 %	9 3 %	10 2 %	1 0 %	15 7 %
til klagenemnda	4 1 %	0 0 %	1 0 %	0 0 %	0 0 %

Den som blir pålagd ei refsing kan klaga på refsinga. Først skal klaga til den sjefen som har gitt refsinga. Dersom denne står ved refsinga, blir saka send til første klageinstans, som er den næraste sjefen til refsande sjef i stilling tillagt grad oberst eller tilsvarende eller høgare. Første klageinstans har plikt til å innhenta råd frå krigsadvokaten. Dersom krigsadvokaten allereie har uttalt seg i saka, skal klageinstansen innhenta råd frå generaladvokaten. Skulle òg første klageinstans halda oppe refsinga, kan refsa klage vidare til Klagenemnda for disiplinærsaker i Forsvaret. Blir det heller ikkje medhald i klagenemnda, kan refsa saksøkja staten for dei alminnelege domstolane.

Talet og andelen klagesaker har vore relativt stabilt dei siste fem åra, med unntak av 2021. Generaladvokaten antek at det låge talet på klager kjem av utstrekt bruk av krigsadvokatane som rådgivarar til disiplinærmyndigheten i enkeltsaker, og at militære sjefar berre bruker refs som leiingsverktøy der det er klart at refs kan fåast og der alternative sanksjonsmidlar har vore utprøvde.

